



**VOSS**kommune

- målretta, effektiv, lærande og serviceinnstilt
- sjukefråvær under landsgjennomsnittet
- praktisera meir offentlegheit

# Rådmannen sin stab - brukarperspektivet

Rådmannen sin stab er organisert i tre avdelingar, og vert leia av informasjonssjef, personalsjef og økonomisjef.

Rådmannen sin stab har ansvar for følgjande område:

- Informasjon: IT, telefoni, kommunen si nettside. Servicetorg, startlån, legat, val. Dokumentsenter, arkiv, politisk sekretariat
- Personale og organisasjon: personal, løn, pensjon, refusjon, HMS, internkontroll, verksemdskontroll, eigarskapsforvaltning
- Økonomi og analyse: rekneskap, fakturering, innkrevjing, skatt, innkjøp, overordna kommuneplan og miljøvern

# Rådmannen sin stab - brukarperspektivet

Rådmannen sin stab er ein intern serviceavdeling for alle einingane i kommunen.

I tillegg leverer staben eksterne tenester gjennom kommunale krav, skatt, servicetorg og dokumentcenter.

Staben fører rekneskap og køyrer løn for Voss kyrkjelege fellesråd, samt fleire selskap som Voss idrettshall KF og Hagahaugen AS m.fl.

Staben drifter IKT-plattform for Granvin herad og leverer skatteoppkrevjartenester.

# Rådmannen sin stab - medarbeidarperspektivet


I rådmannen sin stab er det 35 årsverk.

I tillegg kjem lønsmidler til frikjøp av 5 tilsette (2,93 årsverk) hovudtillitsvalde og hovudverneombod, samt løn for 4 tilsette (1,7 årsverk) i varig tilrettelagt arbeid på tinghuset.

Voss kommune

# Rådmannen sin stab - sjukefråvær

## Fråvær Stab 2012-2015



## Rådmannen sin stab - økonomi


Budsjett 2016 er på vel 43 mill. kr. Av dette er om lag 27 mill. kr løn.

Store delar av driftsbudsjettet er bunde opp i drift av tenester som er felles for alle kommunalavdelingane. Staben har fleire store felles budsjettpostar innanfor ma. drift av all felles IKT-infrastruktur og felles IT-system, kontingent til KS, kantinedrift, bedriftshelseteneste, forsikringar for alle tilsette i kommunen, porto. Til saman utgjør dette vel 9 mill. kr.

Auken i budsjettet dei siste åra skuldast i hovudsak at datalisenskostnader har auka både i volum og i kostnad pr lisens. I tillegg er det er satsa i nytt nettverk og datasikkerheit.

Voss kommune

# Rådmannen sin stab - økonomi



## Rådmannen sin stab – interne prosessar

Som eit ledd i internkontrollprosjektet "orden i eige hus" vil rådmannen sin stab arbeida vidare med dei overordna prosessane innan personaladministrasjon og økonomistyring.

Som eit ledd i arbeidet med prosessane vil praksis i dag bli kartlagt, samstundes som avdelinga innfører forbetringar og dokumenterer alle rutinar. Opplæring i dei nye prosessane blir gitt til alle tilsette i Voss kommune som er involverte. Samtidig vil staben analysa risiko i prosessane og finna dei som evt ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til i dag.

Rådmannen sin stab bistår kommunalavdelingane i dette arbeidet.